

## Vellukka og godt organisert innsamlingsaksjon.

26.09.2016



Dei raude vestane er komne på, og bøsseberarane er klar til innsats.

**I ettermiddag frå kl.17 og eit par timar utover føregjekk årets innsamlingsaksjon til Demens-saka. Her i bygda var det Uskedal helselag som organiserte bøsseinnsamlinga, slik dei har gjort i alle år. Første Demens-aksjonen var i år 2000, og Uskedal helselag var med heilt frå starten.**



Fleire kom rett frå jobb, og då smaka det godt både med Spar-middag og kringle og kaffi.

Mellom 25 og 30 damer var engasjert i innsamlinga, og bøsseberarane var fordelt på 23 ruter rundt i bygda. Base og oppmøtestad for aksjonen var Gamleskulen, og då uskedalen.no var innom siste halvtimen før innsamlingsstart kl.17, strøymde det på med bøsseberarar. Der vart dei møtt med kaffi og kjempegod kringle, og nokre som kom rett frå arbeid, hadde vore innom varmdisken på Spar slik at dei sikra middagen. Fleire av innsamlarane hadde vore med i alle år, men også innslaget av det eg kallar den yngre garde, var gledeleg stort. Både Hilda Guddal og Selma Eik har vore med på å avvikla Demensaksjonen frå starten i 2000. Den vert halden kvart år nær opptil Verdas alzheimerdag som er den 21. september. Dei kunne fortelja at bøsseberarane vert rekruttert med direkte kontakt, og mange går att kvart år.

- Det er veldig greitt å skaffa bøsseberarar, alle er positive og det er sjeldan vi får nei, seier dei to veteranane som no har overlate hovudansvaret til yngre krefter.

At både innsamlarane og folket på bygda er positive til aksjonen, er lett å forstå. Det er ei særskilt viktig sak det vert samla pengar til. Demens er den nye folkesjukdommen, og hovudgrunnen til at den er aukande, er at fleire vert eldre. I Norge har rundt 80.000 demens, og 10.000 får demens årleg. 350.000 pårørande vert berørt av sjukdommen. Heile 80% av dei som bur på sjukeheim har demens, men likevel bur godt over halvparten av dei som har sjukdomen heime.

Framleis har ein ikkje funne medisiner og behandling med ønska effekt på sjukdommen. Derfor er det svært viktig at det vert samla inn midlar til forskning på behandlingsformer. Nasjonalforreningen for folkehelsa håpar å oppnå liknande resultat som ein tidlegare har fått gjennom forskning på hjarte- og karsjukdommar. Nasjonalforreningen seier dei har to hjertesaker: hjartet og hjernen.

På to timar vart aksjonen gjennomført, og det kom inn 22.500kr. Det er 3000 kr meir enn i fjor. Eit flott resultat!!



Gunnbjörg og Eli tar siste detaljar om kor grensene på rutene på Eik og Steinsletto er.



Nydeleg kringle, kaffi og drøs rundt borda var god opptakt til ein vellukka innsamlingsrunde.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.